

Hallo i nedslagsfeltet!

I morgon er den store dagen! Då skal eg endeleg sette meg på flyet til Nepal og Himalaya! Har vanskeleg for å forstå at dagen eg har venta på så lenge faktisk snart er komen. Spenninga har bygd seg opp inni meg dei siste vekene, og no kjenner eg veldig godt sommarfuglane som dansar i magen min.

Men sjølv om eg har tenkt mykje på Himalaya-turen siste tida har eg òg gjort mykje anna spanande. Den dagen eg fylte 20 år var klassa på isklatring i ein foss like over skulen. Slett ikkje ein dårleg måte å feire dagen på! Og når eg i tillegg fekk fleire kaker og ein overraskingsmiddag var dagen komplett.



Isklatring og bursdagskake!

Kvar laurdag på folkehøgskulen har vi eit seminar eller ein slags aktivitetsdag på programmet. Og ein laurdag hadde klassa mi, Bratt friluftsliv, ansvaret for å arrangere skileik for heile skulen. Vi lagde hopp i alle storleikar, orgeltramp, parallellslalomløype og rugbybane. Det verka som om alle elevane plutselig vart som små barn igjen, og dagen vart ein stor suksess!



Hopping i "flott" stil på skileik.

I denne perioden har eg hatt hundekøyring og spinning som valfag. Av ulike årsakar har eg berre hatt anledning til å prøve ut valfaga éin gong, noko som sjølvst sagt var ganske dumt sidan begge verkeleg ga meg meirsmak. Hundekøyring var utruleg artig, og det var ei flott oppleving å styre ein hundeslede opp og ned bakkar og gjennom skogen. Spinning var slett ikkje verst det heller! Med flunkande nytt spinningsrom og veldig erfarne instruktørar blir ein ekstra motivert til å gi jernet!

Dei siste tida har eg òg brukt mykje tid på å øve til musikalen "Mitt liv" som vart vist fram på Fagernes kulturhus 19.februar. Heilt sidan november har rundt tretti elevar øvd jamt og trutt på skodespel, dans og song. Musikalen tek for seg sju kvardagshistorier, ei frå Noreg og seks frå Afrika, og inntektene går til ungdom i Tanzania. Etter ein liten audition fekk eg tildelt to ulike roller, både som norsk skuleelev og som afrikansk jente. Utrulig lærerikt å få prøve seg på skodespel, og ikkje minst veldig kjekt å framføre musikalen for eit stort publikum.



Foto: Karianna Laugaland



Foto: Alexandra Martinsen

Dagen etter musikalen reiste eg heim på vinterferie og deltok på Alperittet. Men sjølv om løypa vart litt amputert i år, vart det faktisk det tyngste Alperittet eg har delteke på. Øvste delen bydde på upreparert og tidvis skarete snø, medan den nedste delen var både bratt, isete og uoversiktleg. Lårmusklane fekk ikkje kvile eit einaste sekund, men det er slik det skal vere. Personleg gjekk det ganske bra, og ein 3.plass i Damer 17-29 år bak to gode alpinistar er eg svært nøgd med. Lillesyster Emma tok i tillegg klassesiger i kort løype, så Alperittet gjekk over alle forventningar.

Dei siste veka har eg også fått spelt mykje fotball, noko som har vore utruleg deilig! Sidan eg ikkje spelar fotball fast i Valdres gjorde det svært godt å få vere med på både ein treningskamp og fleire treningar denne veka. Og eg har allereie byrja å glede meg til å vere med på fleire fotballtreningar når påska kjem.

Men før den tid skal eg få oppleve Himalaya i to veker, med både Mount Everest Base Camp og ein topp kalla *Kala Pattar* på 5550 moh. Etterpå skal vi vere ei veke i Kathmandu der vi mellom anna skal pusse opp litt av ein barneskule. Dette blir nok ein heilt fantastisk og innhaldsrik tur!

Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 6,1

- Christina